A-223.

Dagbok nr.
06602 -7.11.75
NORDHORDLAND SORENSKRIVERE

Mer enn 100 m. fra strandingje

# Skyldskifte

Laurdag den 11/10-75 1975 heldt me underskrivne, som er oppnemnde av lensmannen, skyldskifte på garden Myking gr.nr. 37 br. nr. 17 med skyld mark 0,01 i Lindås herad.

Johan Gjerde har kravt skyldskifte og har grunnboksheimel til eigedomen.[1])

Oppnemninga av skyldskiftemennene ligg ved. Dei har gjeve skjønsmannslovnad ~~så nær som~~[2])

Ved tenesta møtte Seljar Johan Gjerde og Kjøpar Bjarne Gjerde

Tollef Jordal, Sigvard Navdal, Arthur Hodnekvam.

Av grannane[3]) Bjarne Hundven, Nils Lauvås

Til formann vart vald Sigvard Navdal

Opplysningar om den/~~dei~~ part/~~partar~~ av eigedomen som er fråskild:

1. Vidd: Dyrka jord ........ dekar, naturleg eng og kulturbeite ........ dekar, produktiv skog ........ dekar, anna vidde ........ dekar — i alt ca 2 dekar.

2. Grensene[4]) til den/~~dei~~ fråskilde part/~~partar~~:

Grensa går ut frå merkestein Mvidne i grenselina mot br. nr. 12 går i nordaustleg lei 39,5 m. til merkestein Mvidne i grenselina mot Harald Gjerde br. nr. 39 fylgjer denne linja i nordleg lei 46 m. Går vidare i same lei 3 m. frå grenselina til Bjarne Hundven br. nr. 18 - 40 m.

---

[1]) Utan at den som har kravt skyldskifte har grunnboksheimel, eller det er sagt dom for at han eig den fråskilde eigedomen, kan ikkje skyldskiftet godtakast til tinglysing. (§ 1 i lov om skyldskifte.)

[2]) Er det nokon av skyldskiftemennene som ikkje har gjeve lovnad som er nemnt i § 20 i lov nr. 1 frå 1917, skal han før tenesta tek til skriva under ei fråsegn med denne ordlyden: «Eg lovar at eg i alle sakar vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding ............ den ...... 19...... (underskrift.) Denne fråsegna skal sendast til sorenskrivaren saman med skyldskiftedokumenta.

[3]) Er det nokon av grannane eller partane i skyldskiftet som ikkje møter, må ein her skriva om det er prova at dei er varsla. Like eins om det er grannar ein har funne det uturvande å varsla (§§ 2 og 8 i skyldskiftelova).

[4]) Sjå §§ 3 og 8 i skyldskiftelova. Ein skal ikkje skriva grensene mot granneeigedomen utan at eigaren er til stades og samtykkjer i det som vert skriva.
Har nokon av partane kravt at skyldskiftemennene skal avgjera sjølve markeskilet, samstundes med skyldskiftet, (§ 7 i lova), må dei her skriva det som trengst. Det må ikkje skipast bruksrett eller servitutt i skyldskiftet, utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimel til den eigedomen heftet gjeld (§ 5 i lova).

Nr. L. 355. Norsk Skjemaforlag, Bergen.

Scanned by CamScanner

til x i stein. Vinkelr og går i sudle
lied 19.5 m. til grenselina mot
Georg Dahl br. nr. 44 fylgjer dame
grenselina 26.5 m. til x i berg vidare
i same lied 38 m. attende til
utgangstaden

1. Gjeld delinga eigedom som vert nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk[1]) Nei

2. Finn skylddelingsmennene det godtgjort at den parsellen som no vert fråskilt eigedomen skal nyttast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon?[2]) ja

3. Kva rettar eller gode som høyrer eigedomen til kjem inn under delinga?[3]) ingen

[1]) jfr. § 55 i lov av 18. mars 1955 om skiping av jordbruk (jordlova).
[2]) jfr. § 54 (jordlova).
[3]) jfr. § 55 (jordlova).

Scanned by CamScanner

*Me vitnar:*

a) At det ikkje er skipa nye hopehav ved skiftet. Likevel har me samtykt i at det kan vera hopehav i utmarka på denne måten: ........................................

........................................

........................................

Me har ikkje funne det tenleg å skifta meir enn som gjort er.[1])

b) At kvart bruk har fått eit so lagleg skap for freding og drift som det er høve til.

Skylda på den/~~dei~~ fråskilde part/~~partar~~ er sett til mark 0.01

........................................

Hovudbruket har att ei skyld på mark 0.01

Hovudbruket har att denne vidda: Dyrka jord .............. dekar, naturleg eng og kulturbeite .............. dekar, produktiv skog .............. dekar, anna vidda .............. dekar, i alt .............. dekar.

Den/~~dei~~ fråskilde part/~~partar~~ fekk bruksnamnet[2]) Gjerdibu

........................................ ~~Gjerdebu~~

Kostnaden med skyldskiftet og tinglysinga ber:[3]) Kjøparen Bjarne Gjerde

V. Vallav. 9. 5050 Nesttun

........................................

Me gjorde partane kjende med at dei kunne anka skyldskiftet til overskjøn, dersom dei er misnøgde med den skylda som er sett eller med det markskilet som er fastslege. Krav om overskjøn må vera kome til sorenskrivaren seinast 3 månader etter at dette skyldskiftet er tinglyst.

Me sannar at me har gjort tenesta vår etter beste skjøn og overtyding og i samsvar med skjønsmannslovnaden.

Me har vedteke at Kjøparen skal senda skyldskiftedokumenta til sorenskrivaren til tinglysing.

Sigvard Hoddal Arthur Hoknuvam Tollef Fosdal

[1]) Stryk det som ikkje skal vera.
[2]) Til bruksnamn må ein ikkje velja namn som alt er i bruk som slektsnamn, utan at det er ålment nytta, jfr. § 24 i lova om skyldskifte.
[3]) Er det ikkje nemnt, eller har ikkje partane gjort avtale om kven som skal bera kostnaden ved skyldskifte, skal skyldskiftemennene avgjera det.

Scanned by CamScanner

Går til ............ jordstyre.

***Fråsegn frå jordstyret:***

Fylkeslandbruksstyret i Hordaland har i ekspedisjon hertil dagsett 30/10 1974 gjeve samtykkje til åt det vert delt frå 2 parsellar på ca. 3.- da. frå gnr. 37 br.nr. 17 Myking i Lindås.

Isdalstø, den 24/10 1975

Ottar Styve

formann ............ sekretær Ottar Styve

Går til ............ landbruksselskap.

***Fråsegn frå fylkeslandbruksstyret:***

**Fylkeslandbruksstyret i Hordaland har gjeve samtykke til frådelinga**

**Bergen,** 5/11 1975

............, den ............ 19......

formann ............ fylkeslandbrukssjef Paul E. Moberg

**Godteke til tinglysing** ............ **19** ......

**Tinglyst** ............

**Den/dei fråskilde part/partar har fått gr.nr.** 37 **br.nr.** 47

**For tinglysing kr.** ............

Dok. nr. 6602 1975, dagbokført ved NORDHORDLAND SORENSKRIVAREMBETE den 7/11-75
Innført i grunnbok. Avskrift i pantebok
Tingl.gebyr, kr. 40,- stpl. avg. kr. —
Mogelege hefte mot lovbest. gebyr.

Skyldelingsforretning tgl. 6/11-75.
A 223.

Dagbok nr.
06846 19.11.75
Sørenskrivaren i ... Nordhordland

40,-

NORGE Kr. 20,00 NORGE Kr. 20,00
19 NOV 1975 NORDHORDLAND SORENSKRIVERKONTOR

# S k ø y t e .

Underskrevne Johan Gjerde, f. 11.09.1903, skøyter og overdreg hermed til son min, Bjarne Gjerde, f. 02.06.1932, ein parsell av min faste eigedom, gnr. 37, bnr. 17, Myking i Lindås.

Parsellen som eg held verd . . . . . . . . . kr. 3.000,-

vert overdregen utan vederlag.

Parsellen vart skyldsett 11.10.75 då den fekk bruksnamnet "Gjerdebø" og ei skyld av 1 øre.

Den får bruksrett saman med naboparsellane til veg over hovedbruket og fram til off. veg. Hovedbruket held att bruksrett for seg over parsellen på nærare avtala stad fram til attverande eigedom på sørvestsia av parsellen.

Parsellen skal ha gjerdeplikta for sine grenser der denne ikkje frå før kviler på naboeigedomar og parsellar.

Innført av eiendom.

f.t. Isdalstø den 15. november 1975.

Som mottakar: Bjarne Gjerde
Bjarne Gjerde

Som gjevar: Johan Gjerde
Johan Gjerde.

Eg vitnar at Johan og Bjarne Gjerde har skreve under dette skøyte medan eg var tilstades og såg på og at dei båe er over 20 år.

Olav Jordal
Olav Jordal.
lensmann.

Underskrevne Brita Gjerde som er kona til gjevaren, Johan Gjerde vedtek hermed ovanståande skøyte.

Myking den 15. november 1975.

Brita Gjerde
Brita Gjerde. m.p.p.

Me vitnar at Brita Gjerde har skreve under dette skøyte medan me var tilstades og såg på, og at ho er over 20 år.

Sigrid Søle
fødd 29-1.1924
adr: 5850 Balestrand

Per Søle
fødd 16-10-1917
adr: Balestrand

15,-

Scanned by CamScanner

**Dok. nr.** 6846 **197**5 , dagbokført ved
**NORDHORDLAND** SORENSKRIVAREMBETE den 19/11-75.
Innført i grunnbok. Avskrift i pantebok
Tingl.gebyr, kr. 15.- stpl. avg. kr. 40.- .
Mogelege hefte mot lovbest. gebyr.

Scanned by CamScanner